

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Dato	08.08.2024
Vår referanse	2024/7312-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lars Øyvind Birkenes
E-post	Lars.Oyvind.Birkenes@vlfk.no
Telefon	48991284

Uttale nydyrking - Varsel om synfaring - gnr. 82 bnr. 14 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 16.02.2024 med søknad om nydyrking av eit areal i Skåladalen på gnr. 82, bnr. 14 i Kvinnherad kommune. Viser og til vårt brev med varsel om synfaring av 08.03.2024 og e-post frå Kvinnherad kommune der dei etterspør svar datert 24.06.2024. Vi ber om orsaking for at det har teke lang tid med å gjennomføre synfaringa. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Arkeolog frå Vestland fylkeskommune var på synfaring på det omsøkte arealet 06.08.2024. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne under synfaringa. Området er lettare kupért og noko våtlendt. Potensial for funn vert vurdert som lågt. Det er ikkje trong for ei ytterlegare markundersøking. Vestland fylkeskommune ber elles om at ein tar omsyn til kulturlandskapstrekk i området ved opparbeiding av feltet. Vi har elles ingen andre avgjerande merknader til nydyrkinga.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift